

Fra: Ingrid Eriksen Hagen (cembaloingrid@gmail.com)

Sendt: 22.11.2017 13:36:00

Til: Tone Stedal Haugland

Kopi: Anette Durr Thomassen

Emne: Re: Sak 2016/578 - utsett start

Vedlegg:

Hei igjen!

Igjen takk for tilsegn om støtte frå dykk!

Det har diverre teke tid før eg har blitt klar for prosjektstart - eg fekk endeleg avslutta stipendiatarbeidet mitt ved innlevering av revidert refleksjon for ei veke sidan.

Men eg er klar til å starte no! Og eg ser for meg at fyrste fase av prosjektet (manusutviklinga - som skildra i søknaden) burde vare omlag til utpå hausten 2018, då materiale frå prosjektet skal presenterast på konsertform under Kirkeautunnalen i Bergen Domkirke. Har i mellomtida fått ytterligare støtte frå Bergen Kommune, både til manusutvikling og til konsert, samt forskingsgruppa for Historisk informert framføring på Griegakademiet. Dessutan er Senter for Griegforskning interesserte i samarbeid. Så eg har godt med pågangsmot når eg no set i gang :-)

Eg vonar at ein såpass forseinka prosjektstart ikkje er problematisk for dykk!

Mvh Ingrid E. Hagen

> 2. feb. 2017 kl. 12.49 skrev Tone Stedal Haugland <Tone.Stedal.Haugland@hfk.no>:

>

> Hei,

> Flott at prosjektet ditt har fått både økonomisk og fagleg støtte frå Kulturrådet og Musikkarvprosjektet. Synd at du er sjukemeldt, men det går greitt for vår del at du utsett prosjektet, berre hald oss informert og gje beskjed når du veit meir.

>

> Når det gjeld pengane skal dei ha blitt utbetalt, og kome på din konto seinast 16.januar. Du kan jo sjekke igjen, og evt ta kontakt med min kollega Anette Durr Thomassen(som står i kopi) som kan sjå på kva som evt kan ha skjedd.

>

> helsing

>

> Tone Stedal Haugland

> Seniorrådgjevar

> HORDALAND FYLKESKOMMUNE

> Kultur- og idrettsavdelinga

> Seksjon for kunst- og kulturformidling

> Tlf 55 23 91 92

> Tone.stedal.haugland@hfk.no

> hordaland.no

>

>

>

> -----Opprinnelig melding-----

> Fra: Ronny Skaar

> Sendt: 25. januar 2017 12:53

> Til: Tone Stedal Haugland <Tone.Stedal.Haugland@hfk.no>

> Emne: VS: Sak 2016/578 - utsett start

>

>

> -----Opprinnelig melding-----

> Fra: Ingrid Eriksen Hagen [<mailto:cembaloingrid@gmail.com>]

> Sendt: 25. januar 2017 12:52

> Til: Ronny Skaar <Ronny.Skaar@hfk.no>; Per Morten Ekerhovd <Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no>

> Emne: Sak 2016/578 - utsett start

>

> Hei,

> vii fyrst takke for tilsegn om støtte! Det set eg stor pris på.

> Må diverre melde at starten på prosjektet må utsetjast, då eg er sjukemeld. Veit ikkje kor lang tid det vil ta, men prosjektstart må sannsynlegvis utsetjast ein månad eller to, då eg etter friskmelding fyrst må gjere ferdig stipediatprosjektet mitt på Griegakademiet.

- > Beklagar dette. De vil få beskjed når eg veit meir konkret om framdrift.
- > Elles kan eg informere om at eg også har fått støtte frå Kulturrådet, og at Musikkarvprosjektet vil vere vertskap for mitt arbeid, både med fagleg støtte, og som digital publikasjonsplattform.
- >
- > Eit spørsmål: Eg kan ikkje sjå å ha motteke noko støttebeløp frå dykk. Det kan vere at dette er riktig, i og med at eg ikkje skulle ha starta enno. Vile berre sjekke, i og med at de ser ut til å vere i omstilling på rutinar kring dette. Eller kanskje støtta blir utbetalt etter innsendt rapport og rekneskap?
- >
- > Helsing Ingrid Hagen